



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

## ÅRSMELDING 2008

Årsmøte i lagshytta på Kleppa  
Onsdag 18. februar 2009 Kl.19:00



Foto: Odd Reksnes

Trygve Rishovd på jubileumsfesten

*Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid!*



# ÅRSMØTE

Lagshytta på Kleppa  
Onsdag 18.februar kl.19:00

## SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinnkalling.
2. Val av møteleiar og skrivar.
3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.
4. Årsmelding.
5. Rekneskap.
6. Val.
7. Info. om aktivitetar i 2009.
8. Innkomne saker.

Info. om njff` s forsikringsavtale med  
If-forsikring ved Sæle Assuranse!

Siste nytt frå njff av ein representant frå  
Njff-Sogn og Fjordane!

*Enkel servering og sosialt samvær!*

*Nye og gamle medlemar velkomne!*

*Styret*

# Leikanger Jakt- og Fiskelag

## ÅRSMELDING 2008

**Styret** har i 2008 vore samansett som følgjer:

Leiar:	Svein Inge Lundheim
Nestleiar:	Per Ove Fossheim
Kasserar:	Håkon Nesse
Sekretær:	Sven Erik Vestby
Kvinnekontakt:	Marianne Vara
Vara:	Per Norstein

I tillegg møter leiarane for utvala på styremøte.

Ved årsskiftet hadde laget 242 medlemmer. Det er ein auke på 22 stk i 2008!

### Møteaktivitet

Det er halde to styremøte der det er handsama til saman 28 saker.

Leikanger jfl har fått ytterlegare auka representasjon i Sogn og Fjordane NJFF i året som gjekk i og med at Per Norstein har vorte nestleiar/sekretær. Jan Thore Fedje er som før ungdomsansvarleg i fylkesstyret. Terje Hove Thorsnes er komen inn som 2. vara til styret.

Terje Hove Thorsnes sit òg i fylkesutvalet for fiske, medan Svein Inge Lundheim sit i fylkesutvalet for jaktskyttarar.

### Generelt

I årsmeldinga for 2007 konstaterte vi at det året hadde vore eit særers positivt år for Leikanger Jakt- og Fiskelag. Jubileumsåret 2008 (30 år) har også vore positivt, men på ein annan måte. Til liks med 2007 har det vore gjennomført ei rekke tiltak – vi viser til ei oppsummering av aktivitetar annan stad i årsmeldinga. Men sett frå styret sin ståstad, har året vore prega av at ting synest å vere så etablerte at dei går av seg sjølv. Det er grunn til å tru at dette er ein reaksjon på dei særers aktive åra før. Samstundes har det vore brei innsats av 'nye' folk som har vist driv og innsatsvilje, prøvd ut mykje og lukkast med mangt. Denne påpeikinga heilt utan å gløyme dei gamle 'slitarane'.

Økonomisk har også 2008 vore eit godt år. Det tryggar drifta på alle måtar. Samstundes har mykje av inntektene kome i form av tilskot til ulike aktivitetar, sjå nedanfor. Dette er ein effekt av tidlegare innsats. Laget har vist at det maktar å gjennomføre gode tiltak. Tilliten dette skapar gjev grunnlag for nye positive tilsegn. Styret nyttar høvet til å trekke fram og takke alle som bidreg i prosjekt og aktivitetar av ulike slag !

I sum medfører dette at vi også i 2008 markerte oss, noko vi vonar bygda framleis set pris på.

## Heiderspris

Fylkeslaget i NJFF oppretta i 2007 ein heiderspris som vert delt ut til ein enkeltperson frå Sogn og Fjordane som i løpet av ein lengre periode har eller har hatt eit stort engasjement i barne- og ungdomsarbeid i eit lokalt jakt og fiskelag, fylkeslaget eller i landsstyret. Vi merkar oss at alt ved andre gongs utdeling vart denne prisen tildelt leiar i LjF Svein Inge Lundheim. Styret vil gjennom årsmeldinga få seie seg samd med fylkeslaget i at leiaren av laget har ytt stor innsats og ikkje minst gjennom evna til å få folk til å trekke i lag og personleg bidrege til at laget har den posisjonen det har i dag. Medlemmene i styret vil få gje uttrykk for at vi meiner prisen er mykje fortent.

## Gåver, tilskot og dugnadsinntekter

Vi har hatt inntekter/fått tilskot frå ei lang rekke kjelder:

• Fjerning/skroting av standmateriell for NJFF- Sogn og Fjordane:	3.000,- kr
• Stirydding/merking for Sognefjord Reiselivslag:	6.000,- kr
• Produksjon/montering av stadnamnskilt for Sogelaget:	10.400,- kr
• Leikanger Kommune – tilskot frå kulturmidlane:	4.000,- kr
• Sparebanken Sogn og Fjordane: Gåve	8.000,- kr
• NJFF – Prosjekt Fiskesommer, barne- og ungdomssatsing:	10.000,- kr
• Fylkeskommunen – LA-21 Tilskot til arrangement av villmarksleir:	20.000,- kr
• NJFF - opptur (jentesatsing) skytetrening og jakttur):	2.500,- kr
• Marine Harvest – støtte til barn- og ungdomsarbeid:	10.000,- kr
• Marine Harvest – badestamp i gåve til 30-årsjubileum (+ mont)	17.000,- kr
• NJFF- barn- og ungdomsarbeid i 2009:	22.500,- kr
• Sogn Avis – sponsoravtale med gratis annonsering inntil	15.000,- kr

Produksjonen av sti- og stadnamnskilt har vorte ei god inntektkilde for laget. I 2008 laga Ivar Fagerheim 26 stadnamnskilt (Njøsadalen) for Systrond Sogelag, som vart montert av Kjetil Berg, Ole Simen Nesdal, Svein Inge Lundheim, Jakob Holen (ljf), Jan Reidar Njøs (sogelaget) og Arne Opthun (kjentmann).

## Kurs, undervisning og konkurranse

Som vanleg er det gjennomført fleire kurs.

- GPS-kurs v/Ole Simen Nesdal - 8 deltakarar
- Jegerprøvekurs – 14 deltakarar
- Stor aktivitet m/instruksjon på leirduebana.
- Kurs i flugekasting v/Gunnar Olsmo

Jegerprøvekurset er ein av dei viktigaste kursa me held. I 2008 utdanna me 2 nye jegerprøveinstuktørar, Inge Yttri og Ole Simen Nesdal. Håkon Nesse tek eksamen våren 2009. Ellers er Per Norstein og Sverre Fossen med instruktørkorpsset på fem.

I rovviltkonkurransen vart Per Røysum klar vinnar av mårklassen med fem dyr. Mellom dei fire deltakarane i klassen for rev, vann Nils J. Njøs med ein rev på om lag 8,8 kg. Ved trekkinga av gåvekortet for kvar klasse, fekk Per Røysum begge to.

## Andre aktivitetar

Også i 2008 er ei lang rekke andre meir eller mindre tradisjonsrike arrangement gjennomført. Desse er i stor grad omtalte i tidlegare årsmeldingar, og vert berre lista opp her.

- Fiske-og familietur til Halsavatnet.
- Fiskekonkurransse på Fjærlandsete.
- Kurs i aversjondressur (el..halsband)
- Fiskesommer – 42 fiskeklubbmedlemmer fekk utdelt ny ”gratis” fiskestang. Totalt var om lag 70 personar med på arrangementet.
- Duellen mellom skyttarlaget og jakt og fiskelaget.
- Lagsmeister jegertrap – 19 deltakarar.
- Lagsmeister leirduesti – 17 deltakarar.
- 30 års jubileumsfest med om lag 30 deltakarar.
- Skulestang på Flotande – 7 klasse mrd ca.30 elevar.
- Barnehageveka – 5åringane i alle barnehagane var med på garnfiske.
- Jakttskytingens dag – 100 m og leirdueskyting.
- ”Fruktbare dagar” – stand på laurdag og open dag på lagshytta søndag.
- Livet i Pilavika, aktivitetsdag for alle – ca. 50 personar
- Landsdels-meistarskap jegertrap – 60 deltakarar
- Vårsprellen m/18 vaksne + 16 fiskeklubbmedlemmar
- Fiskeklubbturn til Vålamyra – ca. 25 deltakarar.
- ”Indre Sogn Cup” 35 deltakarar

## Tilbod til medlemmene

Den 30. august vart 30. års jubileet markert med ein fest på Kleppa. Heidersgjestar var det første styret i laget. I tillegg var Trygve Rishovd til stades som einaste attlevande frå stiftinga av det første sportsfiskarlaget på Systrond i 1942. Om lag 30 medlemmar fekk med seg ein fin fest. Til festen var det utarbeidd ei lita historisk oppsummering for medlemmene. Denne teksten er med mindre justeringar seinare trykt både i Skytelappen og sogelaget sitt blad Systrendingen.

Som det går fram av opplistinga over, har det vore stor aktivitet på leirduebana.

Lagsmeisterskapen viste at det også er dyktige hageskyttarar mellom jegerane. I 2008 var det Odd Reksnes som vann den store pokalen i jegertrap med 24 treff. I leirduesti gjekk førsteplassen til ein som har stått på toppen før, Nils Olav Langeteig med 22 treff.

I Duellen mellom Leikanger Skyttarlag og LjF vart trofea likeleg fordelt. Skyttarlaget vann lagkonkurransen medan Kurt Langeteig vann den individuelle konkurransen (21+24).

Standarden på Trastadalshytta aukar stadig. I 2008 vart det installert toalett i eige tilbygg. Totalt 16 bruksdøgn viser at det er plass til fleire.

Hytta på Kleppa har vore leigt ut fleire gonger, både til medlemmer og til andre..

Styret.

## **Utvala i 2008**

### **FISKEUTVALET**

Leiar: Jan Magne Vigdal  
Medlem: Terje Hove Thorsnes  
Medlem: Jan Egil Gjøringbø  
Medlem: Per Sivert Nesdal

### **JAKTUTVALET**

Leiar: Bjarne Sjøthun  
Medlem: Per Olav Henjum  
Medlem: Per Norstein  
Medlem: Øyvind Njøs

### **LEIRDUEBANEUTVAL**

Leiar: Svein Inge Lundheim  
Medlem: Odd Reksnes  
Medlem: Emil Røysum Skartun  
Medlem: Nils Olav Langeteig

### **UNGDOMSUTVALET**

Leiar: Ole Simen Nesdal  
Medlem: Vidar Jacobsen  
Medlem: Sverre Fjøsne  
Medlem: Kjetil Berg

### **HUNDEUTVALET**

Leiar: Kurt Langeteig  
Medlem: Bjørn Monsen  
Medlem: Øyvind Husabø  
Medlem: Jon Husabø

# LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

## REKNESKAPEN 2008

### UTGIFTER

Kontor / Rekvizita	3 260,33 ✓
Kontingenter	1 100,00 ✓
Kurs/møter	18 715,00 ✓
Trastadalshytta	1 446,30 ✓
Drift leirduebane	74 651,37 ✓
Drift lagshytte	18 981,03 ✓
Eigne kurs	6 209,30 ✓
Barn/ungdomsarbeid	33 091,35 ✓
Fiskekonkurransar	1 444,00 ✓
Diverse utgifter	35 145,53 ✓
Dugnadsarbeid	812,88 ✓
Leirduebane nytt anlegg	13 683,20 ✓
Renter	9 707,00 ✓
<b>Sum utgifter</b>	<b>218 247,29 ✓</b>

### INNETEKTER

Renteinntekter	1 421,73 ✓
Sponsor/gaver	8 000,00 ✓
Kontingent	9 819,00 ✓
Eigne kurs	12 075,00 ✓
Fiskekonkurransar	2 500,00 ✓
Diverse inntekter	22 818,00 ✓
Trastadalshytta	1 300,00 ✓
Drift Leirduebane	70 904,50 ✓
Drift lagshytte	32 200,00 ✓
Barn/ungdomsarbeid	69 480,00 ✓
Jente/kvinneaktivitet	2 500,00 ✓
Dugnadsarbeid	23 775,00 ✓
<b>Sum inntekter</b>	<b>256 773,23 ✓</b>

Overskot **38 525,94 ✓**

### AKTIVA PR 31.12.2008

Sparebanken Sogn og Fjordane	134 570,02
Fiskeutstyr / Fluestenger	9 840,00
Skot, duer, premiar, artiklar for sal	16 386,00
4 stk lavvo, div leirutstyr	26 200,00
Lagshytte (teknisk verditakst)	1 700 000,00
Leirduekastar m/ utstyr	46 653,00
Videospelar/overhead/stativ	4 450,00
DVD, projektor, høgtalar, skrivar/kopimaskin, bærbar PC	19 320,00
Kasse	1 610,00
3 stk hagier	17 550,00
<b>Sum aktiva</b>	<b>1 976 559,02</b>

### PASSIVA PR 31.12.2008

Lan pr 01.01.2008	128 304,00
Avdrag	-5 316,00
Lan pr 31.12.2008	<b>122 988,00</b>

Rekneskapen er revidert og ferdig i orden.  
10/2-09

Ingve Ytter

Sverre Fossum

# Styret i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2008

8

Forklaring: B = på val 2009 A = ikkje på val 2009

Styret:

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag:	Telefonnr.:
B	Leiar	Svein Inge Lundheim	<b>attval</b>	90605267
A	Nestleiar	Per Ove Fossheim		97570583
A	Kasserar	Håkon Nesse		97511639
B	Sekretær	Sven Erik Vestby	<b>Per Norstein</b>	99252281
B	Varamedl	Per Norstein	<b>Kjetil Berg</b>	48182680
A	Kvinnekontakt	Marianne Vara		41530961

**Jaktutval:**

A	Leiar	Bjarne Sjøthun		90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum		91333305
B	Medlem	Per Norstein	<b>attval</b>	48182680
B	Medlem	Øyvind Njøs	<b>attval</b>	99499167

**Fiskeutval:**

B	Leiar	Jan Magne Vigdal	<b>attval</b>	95259791
A	Medlem	Terje Hove Thorsnes		91790817
B	Medlem	Jan Egil Gjøringbø	<b>Kevin Viken</b>	47261703
A	Medlem	Per Sivert Nesdal		95004333

**Leirduebaneutval:**

A	Leiar	Svein Inge Lundheim		90605267
A	Medlem	Odd Reksnes		95758559
B	Medlem	Nils Olav Langeteig	<b>attval</b>	90881288
B	Medlem	Emil Røysum Skartun	<b>attval</b>	47641028

**Ungdomsutval:**

B	Leiar	Ole Simen Nesdal	<b>attval</b>	99607677
B	Medlem	Vidar Jacobsen		95259710
A	Medlem	Sverre Fjøsne		90639848
A	Medlem	Kjetil Berg		90277167

**Hundeutval:**

B	Leiar	Kurt Langeteig	<b>attval</b>	95089899
B	Medlem	Bjørn Monsen	<b>attval</b>	90590848
A	Medlem	Øyvind Husabø		97155161
A	Medlem	Jon Husabø		91308911

**Revisor:**


A		Sverre Fossen		95841004
B		Inge Yttri	<b>attval</b>	90593596

**Valkomite:**

B	Leiar	Marianne Vara	<b>Kjell Erik Strand</b>	41530961
A	Medlem	Kjell Erik Strand	<b>Terje Hove Thorsnes</b>	95191905
A	Medlem	Terje Hove Thorsnes		91790817

# Leikanger Jakt- og Fiskelag

## Medlemsutvikling 1989-2008





## **Leikanger jakt og fiskelag**

Lagshytta på Kleppa den 18. februar 2009 kl 19.00

### **Frammøtte: 20 inkludert gjester**

Emil Røysum Skartun, Leif Frækaland, Kurt Langeteig, Håkon Nesse, Torfinn Svedal, Marianne Vara, Odd Reksnes, Kjell Erik Strand, Sverre Fjøsne, Ole Simen Nesdal, Sverre Fossen, Steinar Næss, Svein Inge Lundheim, Per Norstein, Kjetil Berg, Per Ove Fosheim, Sven Erik Vestby

**Gjestar:** Øyvind Hopland NJFF S&Fj, Leif Bjarne Sæle og Sigrunn Orréstad (Sæle Assurance)

### **SAKLISTE:**

#### **1. Godkjenning av møteinnkalling**

Samrøystes godkjent

#### **2. Val av møteleiar og skrivar**

Møteleiar: Svein Inge Lundheim vart samrøystes vald  
Skrivar: Sven Erik Vestby vart samrøystes vald

#### **3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen**

Steinar Næss og Odd Reksnes vart samrøystes vald

#### **4. Årsmelding**

Per Norstein las opp årsmeldinga

Årsmøtet gav leiar applaus då det i årsmeldinga vart referert til at leiar fekk NJFF i fylket sin heiderspris for 2008.

Merknader:

- Tillegg til opplistinga av aktivitetar: 3 aktivitetsdagar på Kleppa våren 2008

- God årsmelding

Årsmeldinga vart samrøystes godkjent

#### **5. Rekneskap.**

Kasserar Håkon Nesse la fram rekneskapen.

Merknader:

- Inntekter barne/ungdom er bundne opp til aktivitetar. Dvs at dei delvis kan seiast å vere bundne.

- Kan vera nyttig å få fram tala frå året før i oppstillinga slik at det vert lettare å sjå eventuelle endringar.

- Peikt på at det synest at det er rettare fordeling mellom aktivitetar knytt til lagshytta og leirduebana enn i fjor.

Årsrekneskapen vart deretter samrøystes godkjent

#### **6. Val**

**Leiar:** Framlegg frå valkomiteen: Attval Svein Inge Lundheim.

Samrøystes

**Sekretær:** Sven Erik Vestby hadde fråsagt seg attval

Framlegg frå valkomiteen: Per Norstein – Samrøystes

**Varamedlem:** Framlegg frå valkomiteen: Kjetil Berg – Samrøystes vald

**Jaktutval:**

Medlem. Framlegg frå valkomiteen: Attval. Per Norstein. Samrøystes

Medlem. Framlegg frå valkomiteen: Attval Øyvind Njøs. Samrøystes

**Fiskeutval:**

Leiar. Framlegg frå valkomiteen: Attval Jan Magne Vigdal. Samrøystes

Medlem. Framlegg frå valkomiteen: Kevin Viken (ny). Samrøystes

**Leirduebaneutval:**

Medlem. Framlegg frå valkomiteen: Attval Nils Olav Langeteig.

Samrøystes

Medlem. Framlegg frå valkomiteen: Attval Emil Røysum Skartun

**Ungdomsutval:**

Leiar. Framlegg frå valkomiteen: Attval Ole Simen Nesdal. Samrøystes

Medlem. Framlegg frå valkomiteen: Attval Vidar Jacobsen

**Hundeutval:**

Leiar. Framlegg frå valkomiteen: Attval Kurt Langeteig. Samrøystes

Medlem. Framlegg frå valkomiteen: Attval Bjørn Monsen. Samrøystes

**Revisor:**

Framlegg frå valkomiteen: Attval Inge Yttri. Samrøystes.

**Valkomite:**

Leiar. Kjell Erik Strand. Samrøystes

Medlem: Terje Hove Thorsnes. Samrøystes

Medlem: Sven Erik Vestby. Samrøystes

**7. Informasjon om aktivitetar i 2009.**

Leiar informerte om planane for aktivitetane for 2009

**8. Innkomne saker.**

Det var ingen innkomne saker

Leif Bjarne Sæle og Sigrunn Orrestad frå Sæle Assuranse orienterte om avtalen **If** har med NJFF

Øyvind Hopland frå fylkeslaget orienterte om ulike ting om NJFF

Stadfesting av møteprotokollen:

Odd Reksnes



Steinar Næss

